

---

Saksnr: 2020/42918-7  
Saksbehandlar: Øyvind Lyslo

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

## Utviding av distriktsmusikarordninga - oppfylging og finansiering

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune går i dialog med kommunane som har signalisert interesse for å opprette nye distriktsmusikarstillingar, jf. KULII-sak 130/20. Målet er å utvide distriktsmusikarordninga med utgangspunkt i eksisterande avtalar med vertskommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke.
2. Ei ev. utviding og styrking av distriktsmusikarordninga vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtalar om distriktsmusikarordninga med nye vertskommunar.
4. Fylkeskommunedirektøren utarbeider i samarbeid med vertskommunane retningsliner for utviding av fylkeskvoten til heile fylket.
5. Fylkeskommunedirektøren set ned to arbeidsgrupper som skal greie ut mandat og samansetjing for samarbeidsarenaer mellom 1) det profesjonelle og frivillige musikklivet knytt til musikarordningane og for 2) arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde.

## Samandrag

Musikarordningane i Vestland er oppretta for å sikre tilgang til profesjonelle musikarar i distriktskommunane og ta vare på dei rike folkemusikktradisjonane i fylket. I KULII-sak 130/20 vart det gjort vedtak om å kartlegge interessa for ei utviding av distriktsmusikarordninga. Det vart samstundes vedteke å innlemme fylkesmusikarordninga i distriktsmusikarordninga, men med ei overgangsordning for eksisterande fylkesmusikarstillingar.

Gjeldande avtalar om distriktsmusikarordning med fire vertskommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke legg til grunn at vertskommunane dekkjer 75 prosent og fylkeskommunen 25 prosent av stillingane. Det vert i saka foreslått å utvide distriktsmusikarordninga etter denne modellen.

Kartlegginga har stadfesta behovet for fleire distriktsmusikarstillingar. Fylkeskommunedirektøren foreslår som eit fyrste steg å opprette tre nye stillingar i tidlegare Hordaland fylke frå hausten 2022. Samstundes er det behov for å kompensere for inntektsbortfall for dei eksisterande vertskommunane etter ny organisering av DKS-arbeidet i samband med fylkessamanslåinga. Utviding og styrking vil medføre kostnader for fylkeskommunen på inntil 500.000 kroner i 2022 og inntil 800.000 kroner årleg frå 2023 og vert del av vidare budsjettprosess.

Fylkeskvoten i distriktsmusikarordninga skal etter vedtak i KULII-sak 130/20 gjerast tilgjengeleg i heile fylket, og det må utarbeidast retningsliner for denne. Vidare skal det opprettast samarbeidsarenaer mellom det profesjonelle og frivillige musikklivet, og for arkiv og museum med

folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde. Mandat og samansetjing for samarbeidsarenaene må utgreiast.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland (saksutgreiing)
- 2 Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland (utgreiing)
- 3 Avtale om Distriktsmuskarordninga 2019-2024

## Saksutgreiing

### 1 Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i sak 130/20 å kartleggje interessa for å utvide distriktsmusikarordninga til heile Vestland. Fylkesmusikarordninga vart samstundes vedteken innlemma i distriktsmusikarordninga, men med ei overgangsordning for dei eksisterande fylkesmusikarstillingane. I vedtaket vart det òg slått fast at fylkeskvoten, musikarressurs i ordninga som er tilgjengeleg for fylkeskommunen, skal kunne nyttast i heile fylket. Det vart vidare vedteke å opprette to samarbeidsarenaer, eitt for det frivillige og profesjonelle musikkfeltet, og eitt for arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde.

*Distriktsmusikarordninga* vart etablert i Sogn og Fjordane i 1987 i samarbeid med Rikskonsertane. Fylkeskommunen har i dag avtale med fire vertskommunar, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal og Lærdal. Vertskommunane har arbeidsgjevaransvar for distriktsmusikarane. Det er tilsett 20 distriktsmusikarar i dei fire kommunane, der fem stillingar er øyremerkte folkemusikk. Til distriktsmusikarstillingane ligg 50 prosent undervisning og 50 prosent utøvande verksemd. Fylkeskommunen dekkjer 25 prosent av utøvardelen. Musikarane vert tilsette etter utlysing og prøvespel.

I Hordaland vart distriktsmusikarordninga etablert i 1988 etter ei omorganisering av dåverande regionsmusikarordning. Ordninga er i dag knytt til Voss kommune. Fylkeskommunen yter tilskot til distriktsmusikarane på Voss etter årleg søknad. Distriktsmusikarane på Voss består av fire stillingar i varierende stillingsprosentar når det gjeld utøving og undervisning.

*Fylkesmusikarordninga* i Sogn og Fjordane vart oppretta i 1989 med støtte frå Norsk kulturråd. Fylkeskommunen har arbeidsgjevaransvaret for stillingane. Etter ein evalueringsprosess vart ordninga vedteken integrert i distriktsmusikarordninga i 2013. På det meste var seks musikarar tilsett, men etter naturleg avgang er det no ei halv stilling som er aktiv.

I Hordaland vart fylkesmusikarordninga etablert i 1992. I starten var det tilsett fire musikarar. I dag er det éi heil stilling som er aktiv. Jf. KULII-sak 130/20 skal resterande del av fylkesmusikarordninga omorganiserast til distriktsmusikarstillingar.

Det er i dag til saman 1,5 stillingar som fylkesmusikarar i Vestland fylkeskommune.

I tillegg til å sikre tilgang på profesjonelle musikarar i distriktskommunane, vart fylkesmusikarordninga og seinare folkemusikkstillingane i distriktsmusikarordninga oppretta for å ta vare på og vidareutvikle dei rike folkemusikktradisjonane i fylket. Målet med ei utviding å leggje til rette for eit profesjonelt og variert musikktilbod av høg kvalitet og stor breidde til ulike målgrupper i heile fylket. På den måten vil distriktsmusikarordninga bidra til å styrke og oppretthalde syklusen *utøving - formidling - opplæring - talentutvikling - rekruttering - utøving* som er ein føresetnad for ei berekraftig utvikling av det profesjonelle og frivillige musikklivet, både innan folkemusikk og andre sjangrar.

### 2 Kartlegging av interessa for etablering av nye distriktsmusikarstillingar

Fylkeskommunen sende 25. mars 2021 eit felles brev til 25 kommunar i Hordaland for å kartleggje interessa for etablering av nye distriktsmusikarstillingar. Svarfristen var 23. april. I brevet vart det stilt spørsmål om kommunane var interesserte i utfyllande informasjon med tanke på å vurdere å opprette slike stillingar. Kommunane fekk òg spørsmål om korleis dei vurderte behovet når det gjaldt fagfelt/sjanger for distriktsmusikarstillingar og om mogleg samarbeid med andre kommunar eller institusjonar, ev. lag og organisasjonar innan det profesjonelle og frivillige musikklivet. I tillegg vart det spurt om informasjon knytt til undervisning og instruksjon, dette fordi distriktsmusikarstillingar er todelte stillingar med lik vekt på utøving og undervisning/instruksjon.

Dei kom inn svar frå til saman 13 kommunar. Ni svarte at dei ynskte meir informasjon (Osterøy, Austrheim, Kvam, Askøy, Øygarden, Voss, Alver, Bjørnafjorden og Ullensvang). Desse informerte om eksisterande og planlagt interkommunalt samarbeid som til saman ville kunne omfatte fleire kommunar på kortare og lengre sikt når det gjeld samarbeid om etablering av distriktsmusikarstillingar.

For fire kommunar var det ikkje aktuelt å opprette distriktsmusikarstillingar (Bergen, Sveio, Stord og Masfjorden).

Utifrå svara kan ein t.d. sjå føre seg fylgjande grupperingar når det gjeld samarbeid - med mogleg utviding til nærliggande kommunar der det er aktuelt:

- **Ullensvang og Voss i samarbeid med Kvam, Eidfjord, Ulvik, Osterøy/Samnanger**

Det eksisterer i dag eit regionalt kulturskulesamarbeid i Hardanger/Voss/Vaksdal. I eit felles notat frå Ullensvang, Voss, hardingfela.no, Ole Bull Akademiet (OBA), Hardanger og Voss Museum (HVM), og Osterøy/Samnanger vert det vist til potensielle samarbeidspartar og kjøparar av tenester, m.a. OBA, HVM, spelemannslaga, Den kulturelle skulesekken, festivalar mfl. I notatet går det fram at dei ser distriktsmusikarar som identitetsmarkørar for heile regionen. Det vart lagt vekt på folkemusikk og dans som viktige område. Talet på stillingar er det ikkje teke endeleg stilling til, men det vert antyda at det kan vere aktuelt med ein kvartett. Ullensvang vil kunne stå som vertskommune i samarbeid med dei andre kommunane. Fylkeskommunen vert også utfordra til å greie ut ytterlegare om sitt syn på kvifor det er viktig å satse på folkemusikk og -dans, noko som vil gje eit grunnlag for den vidare politiske handsaminga lokalt.

- **Bjørnafjorden i samarbeid med Alver, Askøy, Øygarden**

Bjørnafjorden er i ferd med å etablere eit interkommunalt kultursamarbeid med Alver, Askøy og Øygarden. Viss det er interesse for det, kan det verte aktuelt å utvide samarbeidet til Austevoll, Samnanger og Tynes. Bjørnafjorden skriv i sitt svar at førespurnaden frå fylkeskommunen kjem noko tidleg, sidan det vert arbeidd med planar på feltet som fyrst vil verte ferdige i 2022/23. Bjørnafjorden skriv vidare at dei har tradisjonar innan fele, song og tromme, men er også interesserte i ressursar knytte til rock, jazz, korps/messing. Dei har også spelemannslag. Dei ynskjer å verte oppdatert om den vidare utviklinga, men har også behov for ei kartlegging når det gjeld vurdering av behov i kulturskulen på tidspunktet det ev. er aktuelt å gå inn i ei slik ordning.

I det vidare arbeidet vil fylkeskommunen gjennom dialog med kommunane som har meldt interesse få klargjort grunnlaget for nye avtalar om distriktsmusikarstillingar. Det må drøftast nærare kva vertskommunesamarbeid som er aktuelle og kva tidsperspektiv som er realistisk for etablering av nye stillingar.

## 2.1 Økonomiske konsekvensar

For å invitere kommunane til samtalar om etablering av nye distriktsmusikarstillingar må fylkeskommunen ha definert eit økonomisk handlingsrom. Midlane som i dag er disponerte til fylkesmusikarordninga vil kunne inngå i finansieringa av fylkeskommunen sin del av nye distriktsmusikarstillingar, men fyrst etter at fylkesmusikarordninga er fasa ut.

Fylkeskommunedirektøren foreslår å i fyrste omgang ha ambisjon om å få til avtale med éin vertskommune/eitt vertskommunesamarbeid frå 2022, med mål om etablering av tre distriktsmusikarstillingar. Det er ynskjeleg å få til fleire avtalar etter kvart, slik at distriktsmusikarordninga vert ei ordning for heile fylket.

Etter eksisterande avtalar med vertskommunane Sunnfjord, Gloppen, Sogndal og Lærdal refunderer fylkeskommunen kostnader tilsvarande 50 prosent av utøvardelen i kvar distriktsmusikarstilling. Ei distriktsmusikarstilling består av 50 prosent utøving og 50 prosent undervisning, og fylkeskommunen dekkjer såleis 25 prosent og vertskommunane 75 prosent av samla lønskostnad for kvar stilling. For fylkeskommunen er årleg kostnad pr. stilling om lag 200.000 kroner.

Aktuelt tidspunkt for iverksetjing av dei fyrste nye distriktsmusikarstillingane vil tidlegast vere frå andre halvår 2022, og i samråd med aktuelle kommunar. Fylkeskommunal løyving til tre distriktsmusikarstillingar i seks månader vil utgjere om lag 300.000 kroner i 2022. Frå og med 2023 vil kostnaden for fylkeskommunen vere om lag 600.000 kroner pr. år.

I tillegg vert det foreslått 200.000 kroner årleg til styrking av eksisterande avtalar med vertskommunane for å kompensere for inntektsbortfall etter ny organisering av programmeringsarbeidet i Den kulturelle skulesekken. Praksis i tidlegare Sogn og Fjordane fylke var at ei gruppe distriktsmusikarar turnerte i Den kulturelle skulesekken kvart år. Etter omlegging av programmeringsarbeidet i samband med fylkessamanslåinga må desse turneane avløysast av andre typar oppdrag. Det medfører noko større kostnader for fylkeskommunen.

Samla fylkeskommunalt finansieringsbehov for styrking og utviding av distriktsmusikarordninga er 500.000 kroner i 2022 og 800.000 kroner årleg frå 2023.

Ei ev. utviding og styrking av distriktsmusikarordninga vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

## 2.2 Framdriftsplan

Vidare arbeid med utviding av distriktsmusikarordninga vil omfatte fylgjande milepålar:

- Kartlegging av interessa (gjennomført våren 2021)
- Dialogmøte med interesserte kommunar
- Utarbeiding av skisse for ny(e) stilling(ar) i aktuelle kommunar
- Utarbeiding av nye DM-avtalar med aktuelle kommunar
- Vedtak i kommunane
- Utlysing av nye stillingar, prøvespel og tilsetjing
- Iverksetjing andre halvår 2022

### 3 Fylkeskvoten som ressurs for heile fylket

Fylkeskvoten er ein muskarressurs som vertskommunane for distriktsmusikarordninga stiller til disposisjon som ei gjenyting for fylkeskommunen sitt tilskot til stillingane. Kvoten er på 10 dagar pr. semester pr. muskar. Lokale arrangørar, lag, institusjonar og organisasjonar kan søkje om å få nytte fylkeskvoten til regionale prosjekt. Definisjonen på eit regionalt prosjekt er at arrangementet i seg sjølv har stor regional interesse eller vert gjennomført i minimum to kommunar. Dei som ønskjer å søkje om fylkeskvote må ta kontakt med vertskommunar og aktuelle distriktsmusikarar for å sikre at muskarane har høve til å delta. Det er vertskommunane som har ansvar for at muskarane er disponible, og at fylkeskvoten vert innarbeidd i arbeidsplanane.

Vertskommunane Sunnfjord, Gloppen, Sogndal og Lærdal vart i møte 17. februar 2021 orienterte om at fylkeskvoten etter vedtak i KULII 130/20 skal gjerast tilgjengeleg i heile fylket.

Vertskommunane stiller seg positive til ei utviding av fylkeskvoten, men peikar samstundes på at eit utvida geografisk område med auka reiseavstandar vil skape utfordringar.

På møtet vart det gjort framlegg om å leggje ei tidsramme til grunn for berekning av reisetid. Det er i praksis slik ordninga har fungert med arrangørar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Sidan det berre er honoraret for musikartenestene som vert dekt gjennom fylkeskvoten, vil arrangørane ha kostnader med reise, opphald og diett for kvar muskar. Ved lange reiseavstandar vil dette kunne redusere gevinsten med å nytte fylkeskvote.

Dersom ein aktør ikkje får tildelt fylkeskvote for heile prosjektet, vil vertskommunen fakturere overskytande dagar etter ein eigen sats. Distriktsmusikarar på turné på dagtid vil kunne medverke på offentlege konsertar gjennom fylkeskvoten på kveldstid. Dette vil føre til at ein får meir att for kostnader og tidsbruk knytt til reising. Føresetnaden er tilrettelegging i turnéplanen, at dette samla ikkje vert ei for stor tilleggsbelastning, og at det ikkje kjem i konflikt med arbeidsplanar, timerekneskap, overtid eller andre tariffregulerte område.

Eit viktig prinsipp med fylkeskvoten er at den ikkje skal konkurrere med vertskommunane sitt sal av utøvartenester utanom fylkeskvoten, t.d. lokale arrangørar eller andre oppdragsgjevarar og brukarar. Ordninga med fylkeskvote bør ikkje verte ein konkurrent til frilansmarknaden. Dette kan vere relevant for delar av fylket som har mange frilansmusikarar, fyrst og fremst Bergen. For Sogn og Fjordane sin del har ikkje dette vore noka problemstilling, i og med at distriktsmusikarordninga i si tid vart oppretta på grunn av mangelen på frilansmusikarar i denne delen av fylket.

Distriktsmusikarordninga må difor sjåast som eit kulturpolitisk tiltak for musikklivet i distrikta.

Fylkeskommunen må i samarbeid med vertskommunane utarbeide retningslinjer for fylkeskvoten som ein ressurs for heile det nye fylket.

### 4 Etablering av samarbeidsarenaer

Etter vedtak i KULII-sak 130/2020 skal det opprettast to arenaer for samarbeid, éin mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet og éin for arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde. Mandat og samansetjing for samarbeidsarenaene må utgreiast.

Vestland musikkråd kom opphavelig med framlegget om eit samarbeidsorgan mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet. I møtet med Vestland musikkråd 14. april 2021 vart det stadfesta at framlegget var knytt til muskarordningane. Det sentrale for Vestland musikkråd er at muskarordningane vert gjort kjende og tilgjengelege for alle i Vestland. Fylkeskvoten er ein viktig del av dette. Fylkeskommunedirektøren foreslår at det vert oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå det frivillige musikklivet, det profesjonelle musikklivet/institusjonane, vertskommunane for distriktsmusikarordninga og fylket. Grappa skal ha som oppgåve å foreslå

mandat, samansetjing og framtidig organisering av eit samarbeidsorgan for det profesjonelle og frivillige kulturlivet.

Framlegget om å opprette ein samarbeidsarena for arkiv og museum kom i eit felles innspel frå Voss herad, Ullensvang kommune, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no. Dei skriv i innspelet sitt at det finst ulike nasjonale samarbeidsorgan gjennom Museumsforbundet, og at behovet for eit regionalt samarbeidsorgan må vurderast av dei ansvarlege for folkemusikkarkiva kring om i fylket. Fylkeskommunedirektøren foreslår at det vert oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal foreslå mandat, samansetjing og organisering av ein slik samarbeidsarena. Arbeidet med å leie og koordinere arbeidet vert lagt til seksjon for arkiv i fylkeskommunen.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak i saka, jf. vedteke reglement for økonomiforvaltninga, punkt 2.1: Fylkesutvalet gjev innstilling til fylkestinget om årsbudsjett og økonomiplan, etter forslag frå finansutvalet.

#### Vurderingar og verknader

##### Økonomi:

Ei ev. utviding og styrking av distriktsmusikarordninga vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

##### Klima:

Ikkje relevant.

##### Folkehelse:

Kunst og kultur bidreg til betre folkehelse.

##### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

#### Konklusjon

Musikarordningane i Vestland har som mål å sikre tilgang til profesjonelle muskarar i distriktskommunane og å ta vare på dei rike folkemusikktradisjonane i fylket. I samsvar med KULII-sak 130/20 har fylkeskommunen kartlagt interessa for etablering av nye distriktsmusikarstillingar i kommunane i tidlegare Hordaland fylke. Kartlegginga stadfestar at det er interesse for å opprette nye stillingar. Det er samstundes behov for å styrkje eksisterande ordning i den nordlege delen av fylket. Finansiering vert del av vidare arbeid med budsjett og økonomiplan. Frigjevne midlar frå eksisterande fylkesmusikarstillingar vil kunne finansiere fleire distriktsmusikarstillingar på sikt. Vidare kartlegging vil avdekkje om det er behov for ytterlegare engasjement frå fylkeskommunen si side.

Retningslinjer for bruk av fylkeskvoten i heile fylket bør utarbeidast i samarbeid mellom fylkeskommunen og vertskommunane for distriktsmusikarordninga. Fylkeskommunedirektøren foreslår vidare å etablere arbeidsgrupper som skal førebu oppretting av arena for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige musikklivet i tilknytning til musikarordningane, og av arena for arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsfelt.